


Otto Kjerstad - Siste sjef på Ulla fyr



Fyra er avfolka, men med dagens utstyr er skipsfarten like sikker, meiner Otto Kjerstad på Lepsøya. Sjøen byr på litt av kvart. Bøya frå "Arisan" var svart av olje då den kom rekande. Han har også funne mykje trelast.

Otto Hermann Kjerstad rundar 80 år i morgon. Sjølvsagt skal dagen feirast på Ulla fyr. Han var jo den siste fyrmeisteren.

Jubilanten og kona hans Aslaug bur i eit stort og velstelt hus på Lepsøy. Dei møttest på eit fyr. Ho voks opp med fyrmeister til far på Søndre Katland, ved innseglinga til Farsund. Katland var i 1948 det andre fyret som vart avfolka. Det første var Møkkalasset to år tidlegare. Først i 1975 nådde automatikken Ulla.

Først fiskar.

Otto Kjerstad begynte som fiskar, motormann og maskinist og var medeigar i tre havgåande fiskefartøy. Aller først var han også kokk, slik yngstemann måtte. Lineturane etter kveite og rundfisk gjekk til Shetland, Færøyane og Island. Bøyevektene om natta fall på yngstemann. Det er underleg å tenkje på kor mykje ansvar dei gav oss. Han søkte seg over i Fyr- og

merkevesenet. Frå 1960 var han først motormann på "Vestfjord", seinare på "Blink". Fartøya hadde arbeidslag som bygde fyrlykter frå Helgeland til Finnmark. Han tok til som reservebetjent på Ulla i januar 1966 og vart fyrmeister 12 år seinare. Av 31 år i etaten, var han heile 29 år på Ulla fyr. Dei bygde gangbrua det året han begynte på Ulla fyr. Det var første gongen Sam Lorgen frå Ålesund prosjekterte ei bru som også måtte tåle trykk oppover, fordi sjøen slår saman under brua.

Likte fyrlivet.

Otto og Aslaug Torbjørg Tønnesen gifta seg i 1951 og har fire born saman. Men han tok aldri familien med seg over til fyret på naboøya i nord. Blant anna ville borna fått litt for lang skuleveg. Jobben som fyrmeister besto av vedlikehald, rekneskap og det praktiske tilsynet med alt på fyret. Bemanninga var to faste, pluss avlørsar. Før automatiseringa i 1975, gjekk dei også nattevakter. Dei hadde elektrisk line med aggregat i reserve. Han likte fyrlivet. Ein er mykje åleine, men han følte alltid at han hadde ei plikt å gjere, og det hadde han lært av svigerfar. Det var ei interessant periode å vere med på. Dei følte dei var med på noko som førte respekt med seg. Kjerstad sat i tilsetjingsrådet for fyrbetjentar. Han var distriktsformann i Norsk Fyrtjenestemannslag 3. distrikt.

I andre rekkje.

Siste fyr er avfolka. Er det like trygt å segle? Flåten har fått gode tekniske hjelpemiddel og moderne navigasjonsutstyr, også fritidsbåtane. Kjerstad meiner det er nokså. Fyra er nesten komne i andre rekkje, men dei står no der. Dei vart sette opp for ei anna tid. Ei ulykke kan han aldri gløyme. Sildebåten "Myrnes" frå Lepsøya gjekk ned ved Island med 9 mann i 1959. Fyrmeisteren tok initiativ til eit minnesmerke. Monumentet er noko av det som har gleda han aller mest. Det vart avduka 17. mai 1982. Jubilanten er framleis aktiv på trekkspellet, noko pensjonistane på Lepsøya veit å verdsetje. På fyret hadde han også eigen båt, så det var ikkje problem med å få tida til å gå.

Sunnmørsposten 5. mai 2007